



Pressemelding 25. april 2019

Framleis god søking til høgare utdanning i 2019

138 732 personar har per 16. april 2019 søkt studieplass til høgare utdanning gjennom Samordna opptak ved Unit - direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Dette er 3 272 færre søkjarar enn i 2018, det vil seie ein nedgang på 2,3 %.

Samordna opptak forvaltar søking og opptak til grunnutdanningar ved 27 universitet og høgskular.

- Etter ei kontinuerleg auke i søkjartala dei siste åra ser vi i år ein nedgang på 2,3 %. Tala for 2019 syner likevel at det framleis er god søking til høgare utdanning, seier avdelingsdirektør for utdanningstenester i Unit, Ann Elisabeth Wedø.

Utdanningsområde og -typar

6 utdanningsområder har ei auke i tal på fyrstevalssøklarar, medan 10 utdanningsområde har ein nedgang samanlikna med søkinga i fjor. Det er store variasjonar i tal på søkjarar til dei ulike utdanningsområda.

Av utdanningsområde med mange søkjarar ser vi i år ei auke til samfunnsfag med 99 fleire fyrstevalssøklarar (+0,6%), lærarutdanning med 133 fleire fyrstevalssøklarar (+1,0%) og informasjonsteknologi, som ble sett som fyrsteval av 378 fleire personar (+6,3 %).

Etter åtte år med auke i søkjartala til helsefag ser vi i år ein nedgang. Det er 1 880 færre søkjarar til helsefag i år, ein nedgang på -4,8%. Helsefag er samansett av fleire utdanningstypar. Nedgangen er størst på sjukepleiestudia der det er 2 948 færre fyrstevalssøklarar i år, ein nedgang på -18,7% samanlikna med året før. Utdanningstypen vernepleie har derimot ei auke på 404 fleire fyrstevalssøklarar eller + 10,7 %.

Etterspurte statistikkar

Eige faktanotat og fleire statistikkar, blant anna kva for studium som har flest fyrstevalssøklarar, flest fyrstevalssøklarar per studieplass og søkjarar fordelt på lærestad, alder og kjønn finn de på: www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall

Vidare plan for offentleggjering av statistikk finn de i informasjonsplanen for Samordna opptak: www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/informasjonsplan

Kontakt lærestadene: www.samordnaopptak.no/info/kontakt/kontakt-laerestedene

Kontakt Samordna opptak: www.samordnaopptak.no/info/kontakt/kontakt-media